



Eivind Børilden

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/928 - 16/8074

Saksbehandlar:

Kristine Skaiaa Born

kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:

15.06.2016

Bestandsplan for Austrheim - vedtak

Vald 1,2 og 3

Delegasjonssak nr.:

Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke

Vald 1 Fosnøy viltlag, vald 2 Lindåsnestet og vald 3 Bakkøy viltlag har gått saman om ein felles bestandsplan. Saka var ope på møte i Viltfagrådet i Austrheim og Fedje den 05.04.2016 og viltfagrådet oppfordret valda til ein slik løysing.

Bestandsplan området vert på totalt 36493 daa og dekker alle vald i Austrheim kommune med unntak av vald 4 Mongstad som grunna spesielle forhold har sin eigen plan. Bestandsplanen skal gjelde frå 2016 til og med 2020. Planen baseres på god kunnskap og lokale erfaringer frå området. I avskytingsplanen har valda eit mål om minimum 60 % ungdyr, der 20 % skal være kalv. Dei har og eit generelt mål om jamn fordeling mellom kjønnene i bestanden og en høy andel eldre dyr i den fremtidige bestanden.

Lovgrunnlag

Søknad om godkjenning av bestandsplan handsamast etter forskrift om forvaltning av hjortevilt §§ 12-16 jf. Viltlova.

Det stilles i § 14 krav om at bestandsplanområdet må disponere eit tellande areal på minst 20 ganger minstearealet. I Austrheim kommune er minstearealet etter « Forskrift om jakt etter hjortevilt (elg, hjort og rådyr), Bergen, Sveio, Bømlo, Jondal, Ullensvang, Eidfjord, Granvin, Samnanger, Sund, Vaksdal, Modalen, Meland, Radøy, Lindås, Austrheim og Masfjorden kommunar, Hordaland.» 1000 daa. Det er så redusert til 500 daa i kommunestyre vedtak (061/11) den 22.06.2011.

Vurdering

Viltforvaltninga i Austrheim kommune ønskjer å ha ein bereraftig hjorteforvaltning som tek omsyn til hjortebestanden sin storleik slik at den er til glede for flest moglege samstundes som skadeomfanget på eng og skog er til å leva med for dei som driv med landbruk i kommunen. Planen følger desse målsetningane og er basert på lokal kunnskap, erfaring og fellingsstatesikk og vårteljning.

Bestandsplanområdet har 20 ganger så stort areal som minsteareal i kommunene og det er valt ein kontakt for kommunen: Eivind Børilden.

Vedtak:

Austrheim kommune v/ landbrukskontoret godkjenner hermed søknad frå hjortevald 1,2 og 3 om ein bestandsplan for perioden 2016-2020. Søknaden vert innvilga på desse vilkåra:

1. Tildelinga vert gjeve som frie dyr og med ei målsetjing av at uttaksfordeling på kjønn og alder på hjorten vert felt i tråd med søknad.
2. Tildelinga er årleg og per vald fordelt slik :
Vald 1 Fosnøy viltlag: 65 dyr per år totalt 325 dyr.
Vald 2 Lindåsneset: 13 dyr per år totalt 65 dyr.
Vald 3 Bakkøy viltlag: 8 dyr per år og totalt 40 dyr.
3. Viss bestandsutviklinga på hjortestamma i Austrheim endrar seg dramatisk kan avtalen seiast opp eller endras av Austrheim kommune. Det same gjeld viss målsetjinga til kommunen når det gjeld hjortestamma endrar seg dramatisk.

Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §§12-16 jf. Viltlova.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følge av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar landbruk Kristine Skaiaa Born.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Kristine Skaiaa Born
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Bestandsplan Fosnøy viltlag 2016 - Bakkøy (L)(84441)

Kopi til:

Austrheim kommune

Sætremarka 2

5943

AUSTRHEIM

Mottakere:

Eivind Børilden

Johnny Fønnes

Øyvind Ullestad

Fønnes 25

5953

FØNNES

Bakkavegen 75

5953

FØNNES